

PÅ VEG MOT DET «TILLITSBASERTE» SAMFUNNET

Steinar Aas

Abstract

1898 to 1940 were the formative years for Norwegian democracy. This period saw the establishment of the most significant reforms of the electoral system including the early introduction of universal suffrage for both women and men, as well as the voting system with proportional voting. But most importantly it saw the development of dialogue between the ruling and the lower classes regarding the creation of confidence and trust. This dialogue started out rather turbulently, with a high degree of class struggle that resulted in a revolutionary dominated Labour movement, united with the Comintern. Slowly, but surely, this radical attitude changed towards a more moderate social democrat stance, which was later to be identified as the more prevalent Nordic approach, in particular after 1935. This article deals with this change in attitude within the Labour movement, and endeavours to explain how the change arose from negotiations both internally in the Labour movement as well as between the movement and its antagonists among the ruling elite and the hegemonic classes. The article is based on studies of events in the county of Nordland, one of the hardcore areas for the most radical elements of the Norwegian Federation of Trade Unions.

Demokrati er avhengig av at borgarane kan gjere opp eigne meiningar. Utan høve til å gjere seg opp meiningar under frie og trygge forhold, og å få høve til å artikulere og drøfte desse i eit offentleg ordskifte, finst ikkje grunnlag for nokon folkevilje som samfunnet kan styrast etter. Viss ikkje breie delar av folket blir engasjert i politiske prosessar, slik Grunnlova slo det fast, er styret grunnlovsstridig. Kven er forresten «folket»? Det er denne demokratiutviklinga, der stadig nye grupper vart inkludert i det offentlege ordskiftet i Noreg, framveksten av det norske massedemokratiet har handla om. Særleg har det vore kampen dei breie massane kjempa mot dei sosiale og økonomiske elitane for å få delta, den norske demokratiutviklinga har handla om. Dei tradisjonelle elitane heldt ofte igjen på demokratiseringsprosessen slik vi kjenner han frå seinare år. Dette skal vi studere nærmare i det følgjande. Vi skal også krinse rundt korfor gjensidig tillit mellom ulike sosiale grupper i samfunnet er eit av dei sentrale fundamenta for at demokratiet kan vekse fram og fungere. I det norske demokratiet si historie spelar mellomkrigstida ein heilt sentral rolle i framveksten av ein slik tillit. Konfliktane gjennom desse åra, og måten konfliktane vart løyst på, la eit grunnlag for demokratisk vekst og utvikling som vi framleis dreg nytte av, og som framleis blir brukt som eit kjenneteikn for eit velfungerande samfunn, på nær sagt alle felt (Kleven, 2016).

Mot «det tillitsbaserte samfunnet»

Mellomkrigsåra var prega av sterk politisk turbulens. Frå det tidspunktet sommaren 1920, då Gunnar Knutsen (V) gjekk av som statsminister og Otto Halvorsen (H) tok over, gjekk vi til dømes inn i ein periode med åtte statsministerbytte i den neste tiårsperioden. I tillegg var det fleire politiske saker som skapte stor splid i befolkninga, som språk- og fråhaldsspørsmålet. Som om ikkje det var nok, vart tiåret prega av arbeidskonfliktar og strid i arbeidslivet (Furre, 1971, s. 312, 322). I tillegg til det gjekk den raskt veksande sosialistiske rørsla, med Arbeidarpartiet i bresjen, inn for ei revolusjonær politisk linje, då partiet meldte seg inn i den kommunistiske internasjonale som det einaste sosialistpartiet i Norden (Bull d.e., 1976 [1922]). Historikaren Stugu (2012, s. 61) har berre karakterisert perioden mellom 1920 og 1940 som ein periode

prega av «splitting og solidaritet», og det på mange plan. Arbeidslivet var prega av hyppige streikar og langvarige arbeidskonfliktar. På toppen av det vart det politiske landskapet ytterlegare polarisert ved at det kom til ulike høgre-ekstreme politiske organisasjonar, som forsvarte oppretting av paramilitære grupper for å redde samfunnet frå det sosialistiske trugsmålet (Emberland, 2015, s. 87, Brandal og Sørensen, 2018, s. 82 – 85). Klassekampen stod sterkt, og motsetnadene mellom ulike sosiale grupper var grunnleggande. Likevel kan ein sjå dei første kimane til å bygge tillit mellom desse, å starte på den lange vegen som resulterte i det «tillitsbaserte» samfunnet som historikaren Finn Olstad (2019, s. 8) har omtalt i historieverket *Den store forsoningen – norsk historie 1905–1945*. Denne artikkelen skal søkje å finne nokre av desse kimane gjennom å sjå både på lokale og nasjonale hendingar, og særleg sjå på korleis dei lågare sosiale laga i Nordlands-samfunnet artikulerte sine krav og organiserte sin kamp for å få delta fullt ut politisk i det norske samfunnet. Vi skal også sjå korleis dette medførte at dei ulike antagonistiske gruppene i samfunnet kom nærmare kvarandre i løpet av den turbulente tida, og slik la grunnlag for den «organiserte kapitalismen» som prega samfunnet frå 1935 og i mange tiår seinare (Tjelmeland, 1986, s. 154).

Finn Olstads (2019, s. 8) perspektiv om det tillitsbaserte samfunnet baserer seg i hovudsak på at det norske samfunnet i dag er det spesielle samfunnet det er, fordi hendingar i norsk historie i perioden mellom 1905 og 1945 har gjort samfunnet slik. Grunnen til at han vel dette perspektivet er fordi han med bakgrunn i forskinga si om perioden, har sett korleis arbeidarrørsla trådde inn på den samfunnsmessige arenaen og ikkje lenger fann seg i å stå med «lua i hånda», men at ein ny type arbeid gjorde seg gjeldande. Denne arbeidaren med sine politiske organisasjonar i det som samla har blitt kalla arbeidarrørsla, fann seg ikkje i å bli behandla som ein brikke eller passiv aktør.

Nei, tidsepoken var epoken der han/ho ønskte å delta medvite i samfunnsutviklinga og å forme denne gjennom kollektiva som vart etablert, og slik påverke framtida. Bakgrunnen for syntesen til Olstad (2019, s. 8) er ein tanke om at arbeidarane og arbeidarrørsla var det dynamiske elementet som dreiv historia framover, mot det tillitsbaserte samfunnet.

Bak tanken om at Noreg har blitt eit tillitsbasert samfunn, ligg det ein implisitt hegeliansk grunntanke om at det finst spenningar mellom folk som lever i eit samfunn, og at når desse spenningane kjem for

dagen, vil ulike individ reflektere over spenningane og justere kursen i ei mindre konfliktfylt retning, for å slik bygge ned spenningane (Skirbekk og Gilje, 2000, s. 407). Denne måten å tenkje på er heller ikkje framand i Tjelmelands framstilling av historiografien bak forklaringa om «klassekompromisset» anno 1935. Røtene bak dei historiske forklaringane av sjølve «klassekompromisset» er å finne blant historikarar på 1930-talet (Tjelmeland, 1986, s. 149). For Olstad (2019, s. 8) nær 90 år seinare er forklaringa av historias framdrift om at det framleis kjem ein aksjon, med ein påfølgande reaksjon som igjen resulterte i ei forsoning – ei justerende handling som endrar kurs i meir forsonande retning. Det var den kjende sosialdemokraten og professoren i historie Halvdan Koht som i si tid planta ein tanke om ei slik utvikling. Historikaren Hallvard Tjelmeland (1986, s. 134) har meint at Koht gjennom heile sitt forfatterskap trudde at historia hadde eit «harmonisk mål». Også Tjelmeland (1986, s. 136) finn støtte i Koht når han nyttar hendingane i året 1935 som skilsetjande og ei innleiing på «slutten av historia og innleiinga på den store forsoninga».

Arbeidarrørslas kampsaker får gjennomslag

Den britiske litteraturvitaren Raymond Williams lanserte i 1961 sitt framlegg om å analysere dei store samfunnsomveltingane som hadde skjedd i Storbritannia i tida fram mot 1960-åra. I boka *The Long Revolution* forsøkte han å fortolke vår respons i tankar og kjensler på dei store samfunnsendingane som det britiske samfunnet hadde vore gjennom etter 1750. For Williams (1961) såg det ut som om han levde gjennom ein lang revolusjon som berre delvis kunne beskrivast, men som var ein genuin revolusjon «transforming men and institutions; continually extended and deepened by actions of millions, continually and variously opposed by explicit reaction and by the pressure of habitual forms and ideas» (Williams, 1961, Introduction). Endringane tok form som ein eksepsjonell komplisert prosess, og Williams går langt ut over det politiske feltet for å forklare nokre av dei same prosessane Koht i si tid rørte ved.

Williams (1961) ønskte å peike på kor kompleks denne prosessen var ved å studere samfunnet med breie perspektiv på kunst, litteratur

og kultur, forutan samfunnsmessige og politiske sider. I denne artikkelen har vi ikkje plass til det, men det er rom for å sjå på korleis delar av denne politiske revolusjonen har teke form i det norske samfunnet frå tida kring 1900 og fram til andre verdskrigen, med særleg vekt på demokratiutviklinga, det vil seie vanlege folks deltaking i samfunnslivet.

Det er også innafor den demokratiske revolusjonen ein ser noko av den utviklinga Williams har synt oss mest eksplisitt. Her er det sjølv sagt òg snakk om komplekse prosessar, men hovudinntrykket er likevel at det har vore ei veksande bestemtheit overalt om at folk skulle styre seg sjølv, ha medråderett, noko som stadig utfordra dei som stod fremst i samfunnsstyringa. «Ruling groups have their own reasons for not wishing to recognize the true scale of the revolution», hevdar Williams (1961, xiii). I det følgjande skal vi sjå korleis møtet mellom dei som utfordra dei styrande, vart møtt når dei fremma nye og revolusjonerande krav. For Williams (1961, s. 52) var det liten tvil om at den tradisjonelle kulturen i eit samfunn alltid ville legge vinn på å halde oppe det samtidige samfunnssystemet sine interesser og verdiar, og slik halde tradisjonar ved like. Det vil i sin kjerne vere konservativt. Men trass i at ein stort sett kunne seie at dette var regelen, har det altså inntreffe stadig nye samfunnsendingar i den leia Williams peikte på, som demokratisering og sterkare vekt på individuell fridom og medråderett.

Jonathan Rutherford (1990, s. 22), ein britisk kulturvitar som var innom det britiske kommunistpartiet, men er i dag – i følgje *The Guardian* (2020) – del av «blue labour» i Storbritannia, tok utgangspunkt i Williams då han behandla arbeidarklassens identitet i 1990. Han er særleg opptatt av korleis nye sosiale grupper veks fram, og korleis deira identitet og uttrykk møter den dominerande kulturen. Den dominerande, hegemoniske kulturen har etter Rutherfords mening i liten grad evne til å tillate at den nye, framveksande identiteten fekk artikulere seg eller spele seg ut, verken gjennom språk eller diskurs. I det følgjande skal vi sjå på korleis dette arta seg i Nordland. Her voks det fram ei ny sosial gruppe som levde av å selje arbeidskrafta si i industri og gruver – arbeidarane – og med det voks det fram ein kollektiv identitet knytt til arbeidarklassen særleg i tida mellom 1880 og 1940. Vi skal sjå korleis arbeidarane ikkje fullt ut fekk artikulere sine erfaringar, og at det faktisk var vanskeleg for å få aksept for politisk deltaking, og at motstanden var særleg sterk frå dei dominerande samfunnskraftene så som

politiet, påtalemakta, forsvaret og den etablerte liberaldemokratiske og konservative pressa.

Dette er nokså paradoksalt, fordi overgangen frå 1800-talet til dei første åra av 1900-talet, av historikarar som Paul Knaplund til dømes, har blitt kalla ein «stille politisk og sosial revolusjon» (Knaplund, 2011, s. 78). Årsaka var utviklinga mot massedemokratiet i tidsperioden. Det skjedde både gjennom at stemmeretten stadig vart utvida, men også med framveksten av politiske parti, partiaviser og ein ny politisk offentlegheit. Først fekk alle menn stemmerett (1898), så fekk kvinnene gradvis stemmerett (1901, 1907), før dei fekk allmenn stemmerett i 1910 (kommuneval) og 1913 (stortingsval). Dette vart sett på som ei opning for at dei breie massane av folket skulle kunne komme til meir makt. Dette førte samstundes med seg eit trugsmål mot dei dominerande gruppene og sette maktforholda i landet på spel «dersom arbeiderklassen skulle få tilgang til stemmeurnene» (Hommerstad og Steine, 2019, s. 22–23). I Noreg hadde vi nemleg ikkje dei «konservative garantiene» som ein hadde i nabolanda, så som eit overhus, «opløsningsrett» eller «absolutt kongelig veto», som samla kunne settast inn for å sikre makta til dei hegemoniske kreftene i samfunnet (Hommerstad og Steine, 2019, s. 22–23.) Derfor vart det for eksempel nødvendig, sett frå dei styrande elitane, å innføre suspensjonsreglar for dei som mottok fattigstøtte, slik at dei mista stemmeretten sin. Mange stader førte det til at ein ved val stengte så mange som ti prosent av dei røysteføre ute frå å delta i vala. Dette var hovudsakleg folk frå lågare sosiale lag (Aas, 2019, s. 124–127).

«Sulitjelma-saken» og folkeviljen

Ei av dei sakene lokalt i Nordland som syner vanskanane dei nye sosiale gruppene hadde for å nå gjennom med sine politiske saker og krav, er det som gjekk under namnet «Sulitjelma-saken» i 1918 (Bjørnson, 1990, s. 560–565). Denne saka syner både det nyvunne medvitnet mellom dei lågare sosiale laga i samfunnet, men også korleis reaksjonane frå dei politiske og styrande elitane når dei skulle handtere konflikten. Her spelte dei radikale arbeidarane i Sulitjelma ei sentral rolle, saman med arbeidaravisa Nordlands Fremtid i Bodø, men også breie lag av folket elles i desse delane av landet. Etter kvart som saka utvikla seg, vart

det ei nasjonal sak som alle følgde med spenning, kanskje særleg arbeidspressa, fordi konsekvensane for ytringsfridomen blant sosialistane faktisk var sett under press.



Edvard Jørstad (1872–1944) – født i Sjernarøy, Rogaland - var med frå starten til sosialistavisa Nordlands Fremtid. Avisa starta opp i Sulitjelma som Saltens Fremtid i 1910. Seinare flytta bladet til Bodø (1913) og fekk frå 1914 namnet Nordlands Social-Demokrat. Jørstad var redaktør fram til han flytta frå Bodø i 1920, og han kom særleg i skotlinja under den tøffe klassekampen etter 1918 og utover 1920-talet. Jørstads radikalisme gjorde at han fekk karakteristikken «kompromisslaus bolsjevik» då han var redaktør i Hardanger Social-Demokrat og Haugesund Folkeblad på 1920-talet. Han søkte på stillinga som kyrkjesongar i Sulitjelma i 1926 og var innstilt på førsteplass, men vart ikkje tilsett. Heller ikkje lærarstillinga i Tysedal, som han var innstilt til i 1926, vart tilbydd Jørstad. Årsaka var hans kommunistiske sympatiar, for begge stader var det Arbeidarpartiet som styrte tilsettinga. Han runda av yrkeskarriera som lærar i Laksevåg i Bergen fram til sin død i 1944. (Foto: Nordlands Framtid, 9.9.1970. Kjelder: Hardanger Arbeiderblad, 7.8.1926, Hardanger Folkeblad, 20.4.1968, Haugesunds Avis, 16.4.2011, Nidaros, 18.8.1926.

I korte trekk dreidde saka seg om avisredaktør Edvard Jørstad og hans journalist Fridtjof Strøm, som begge hadde stilt seg kritisk til behandlinga av ein ung militærnektar frå Saltdal, Johan Medby, som heller enn å avtene den obligatoriske militære verneplikta gjømt seg bort blant arbeidarane i gruvesamfunnet Sulitjelma, der det fanst sterke anti-militaristiske stemningar. Skriveria om arrestasjonen av Medby førte til straffeforfølgning frå statsadvokaten, og både Strøm og Jørstad vart dømt til fengsel eller bøter for sine ytringar i tråd med straffelovas § 130. Denne sa at Jørstad «mot bedre vitende eller av grov uagtsomhet i hensigt at skade vedkommende myndighet i det almindelige omdømme» fordi han offentleg hadde «tillagt nogen av statsmagterne eller en annen offentlig myndighet handlinger som de ikkje har foretatt, eller git en

villedende fremstilling av de omstændigheter hvorunder eller den maate de har handlet eller medvirket hertil», då bladet skreiv om arrestasjonen og fengslinga av Medby. Her insinuerte dei at Medby kom til å få seg ein knekk, fordi ordensmakta behandla han svært dårleg (Nordlandsposten, 6. juni 1918). Jørstad fekk 24 dagars fengsel, mens Strøm måtte sone 15 dagar om han ikkje betalte bota på 100 kroner og saksomkostningane (Helgelands Fremtid, 22. oktober 1918).

§ 130 i straffelova:

§ 130. Med Bøder eller med Hefte eller Fængsel indtil 1 Aar straffes den, som mod bedre Vidende offentlig tillægger nogen af Statsmagterne eller en anden offentlig Myndighed Handlinger, som de ikke har foretaget, eller giver en vildledende Fremstilling af de Omstændigheder, hvorunder eller den Maade, hvorpaa de har handlet, eller som medvirker hertil.

Er den urigtige Paastand fremført i Hensigt at skade vedkommende Myndighed i det almindelige Omdømme, kommer samme Straf til Anvendelse, ogsaa naar Paastanden er fremført af grov Uagtsomhed.

Er Forbrydelsen forøvet mod Stortinget, nogen af dets Afdelinger, Komiteer eller Tjenestemænd, finder Paatale alene Sted efter Begjæring af Stortinget. Ellers finder Paatale Sted efter Begjæring af vedkommende Regjeringsdepartement eller efter Kongens Bestemmelse.

Almindelig borgerlig straffelov (Straffeloven), 1902, § 130. https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1902-05-22-10/KAPITTEL_2-5#%C2%A7127 (Lest 15. april 2020)

Med til historia hører det at delar av dommen kom som ei følge av at redaktør Jørstad kritiserte politiet under det første forsøket på å arrestere Medby. Her brukte statsadvokaten straffelovas (1902) § 247 og 248, om at avisa mot betre vitande «i trykt skrift» hadde søkt å «bevirke eller medvirke» til at nokon fann tiltru til noko som var eigna til å «skade en andens gode navn og rygte» eller utsette denne tenestemannen for hat, ringeakt eller tap av for hans stilling «fornødne tillid», og at dette var

gjort som «hevne» for handlingane til tenestemannen. Jørstad var førstemann på Arbeidarpartiet si liste til stortingsvalet hausten 1918, så dommen passa dårleg midt i valkampen. Han kunne risikere å bli tatt ifrå stemmeretten om han hamna i fengsel, og slik sett kunne det skape tvil om han var valbar etter vallova ved dette viktige valet (Nordlandsposten, 6. juni 1918). Med dommen hadde påtalemakta klart å stemple han som ein rabulist, men framfor alt ein forbrytar, underforstått ein farleg person.

Det heile spissa seg skikkeleg til den 5. april 1918, då politiet kom med ein liten tropp med politimeisteren i spissen for å hente Johan Medby i industrisamfunnet Sulitjelma. Det vesle gruvesamfunnet inne i fjella i Fauske kommune hadde meir enn tusen arbeidarar og var eit fyr-tårn for den framveksande arbeidarrørsla i Salten i perioden. Her fann ein sterke fagforeningar, sterke kooperative butikkar og framfor alt ein grunnleggande solidaritet mellom arbeidarane som også gjorde seg gjeldande i lokalsamfunna rundt – særleg der mange av arbeidarane kom frå. Ikkje minst var arbeidarane godt organisert og vel rusta for aksjonar i offentlegheita i gruvebyen. Då Medby skulle hentast, var det såleis tillyst demonstrasjonar (Bodø Tidende, 26. og 31. oktober 1918).

Då folkehopen motsette seg at Medby skulle arresterast, nytta dei dels valdelege middel mot politiet. Ein av arbeidarane avvæpna politimeisteren ved å ta frå han revolveren og skyte eit skot i lufta. Andre var tydelege på at politiet måtte komme seg heim utan Medby, og slik vart det. Dette gjekk ikkje upåakta hen, og då rettssaka om denne hendinga kom opp i oktober 1918, skjedde det samstundes som revolusjonstendensar truga mange europeiske statar. Dette skjedde i førebuingane til eit stortingsval, og dommen kom i forkant av dette og stempla redaktør og stortingskandidat Jørstad som kriminell. I alt vart 13 arbeidarar tiltalt for å ha deltatt i «medvirkning i befrielsen av Johan Medby», «vold mot politiet» og/eller «deltakelsen i folkehopen som opptraadte mot politiet» (Helgeland Blad, 24. oktober 1918).

Eit vesentleg element i denne saka er rolla til «folkehopen» og bruken av folket og folkeviljen mot politiet i Sulitjelma. Ein av dei tiltalte, arbeidaren Johan Thoresen, var klar i omgrepsbruken. Han hadde gitt melding om at ordensmakta var uønskt og berre kunne ta med seg resten av politiet ut av Sulitjelma. Det var «folkets vilje», og «folkeviljen» måtte han ikkje setje seg opp mot (Bodø Tidende, 31. oktober 1918).

Frygtelig uveir nordpaa. Tegnet av Jul. Forsaa.



I Sulitjelma har det regnet puksten. Politimesteren i Bodø har forgjeves prøvet at stanse uveiret. Fortsætter stormen vil de militære myndigheter antagelig gripe ind og læse oprørsloven. —

Klassekampen i Sulitjelma var ei nasjonal sak som alle i arbeidarrørsla var opptatt av. Det radikale vittighetsbladet *Hvepsen* (seinare kalla Arbeidermagasinet) i Oslo fann hendingane i Sulitjelma våren 1918 verdt å kommentere med ei karikaturteikning av Bodøs politimenn på flukt frå folket i Sulitjelma under Medby-saka. Det var den kjente karikaturteiknaren Julius Forsaa (1893–1978) frå Forsan i Steigen som teikna dei flyktande politifolk. (Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek)

Eit anna moment med saka er den måten dei etablerte elitane støtta den måten ordensmakta nytta maktapparatet på i oppfølginga av saka. Samfunnet hadde institusjonar og maktmiddel til å avgrense og straffe politiske handlingar og haldningar. To dagar etter hendingane i Sulitjelma kom Justisdepartementet på banen med eit krav om å sette inn forsvaret mot provokatørane. Det heile truga statens autoritet. Ein militær ekspedisjon på 341 spesialplukka offiserar frå Garden og underoffisersskolane i Trondheim og Harstad, og ti politibetjentar under leiing av ein politiinspektør frå Justisdepartementet, vart sendt til Sulitjelma for å fakke Medby (Bjørnson, 1990, s. 560–565). Fure (1983, s. 410) har forklart at det vart lagt merke til at vernepliktige soldatar ikkje fekk delta i aksjonen. I samtida såg den radikale redaktøren i *Social-Democraten* i Oslo, Olav Schefflo, til dømes at aksjonen synta at styresmaktene hadde gitt opp ideen om ein nasjonal hær basert på allmenn verneplikt. No var ein «mer homogen klassehær» under utvikling, skreiv Schefflo etter militæraksjonane i Sulitjelma, og la til:

Ved at gaa frem paa denne maate kan de militære myndigheter skape en ganske faatallig men desto mere homogen og kampdyktig armé. Og naar denne skal kjempe mot vaabenløse arbeidere, vil den – utrustet som den er med katebomber, maskingevær, kanoner o.s.v. – ha de bedste utsigter til at seire, trods sin faatallighet (Social-Democraten, 17. april 1918).

Medby vart tatt og sendt til det som redaktør Edvard Jørstad i den lokale arbeidaravisa i Salten kalla «det usunde fængselshul i Kabelvaag». Minst ti finnar og truleg også fleire andre utanlandske arbeidarar vart utvist frå landet, og 21 mann vart arrestert og transportert til Bodø kretsfengsel. Historikaren Øyvind Bjørnson støtta seg på historikaren Odd-Bjørn Fure når han hevda at aksjonane mot arbeidarane i Sulitjelma var meint som avskrekking frå revolusjonsforsøk. «De fortalte at myndighetene var villig til å gripe hardt inn mot aktiviteter som truet statens autoritet.» Det stagga derimot ikkje kritikken frå arbeidarrørsla, snarar tvert imot, og dei antimilitaristiske stemningane vart heller ikkje svekka. Folk såg at militæret hadde ei klår innretting mot arbeidarane. For Bjørnson kunne ikkje dette tolkast som noko anna enn at forsvaret var sett inn for å forsvare «det kapitalistiske system og det borgerlige demokrati» (Bjørnson, 1990, s. 564–565).

Fure (1983, s. 411) meiner at det politiske establishment i Noreg hadde to strategiar i sitt møte med den framveksande arbeidarrørsla i denne perioden. Desse to strategiane var ikkje knytt til det tradisjonelle skiljet mellom Venstre og Høgre, men gjekk på tvers av partipolitiske skilleliner på borgarleg side.

Den ene av disse tendenser la opp til en forsonende og ettergivende politikk. Ved hjelp av vidtgående konsesjoner tok den sikte på pasifisere og integrere arbeiderbevegelsen i det kapitalistiske samfunn. (...) Den andre tendens ville legge opp til en utfordrende konfrontasjonspolitikk. Den tok sikte på å provosere fram uroligheter blant arbeiderne, som så ville bli slått ned med militær makt (Fure, 1983, s. 411).

Hendingane i Sulitjelma var tydelege utslag av den siste tendensen. Her vart det slått hardt ned på oppvigling gjennom bruk av straffelovens §

130, både overfor ytringar og handlingar. Sjølve aksjonen må ha blitt oppfatta som ein sterkt sentralstyrt aksjon. Det var Justisdepartementet og Forsvarsdepartementet som organiserte det heile og tok initiativet, og statens mann i Nordland, Fylkesmannen, som var operativ leiar under sjølve aksjonen (Fure, 1983, s. 549). Med handplukka offiserar og soldatar, 10 politibetjentar under leing av ein politiinspektør frå Justisdepartementet, var det dessutan eigne handplukka personell frå statsjernbaneselskapet NSB som skulle tre inn i funksjonane til lokale jernbanefolk slik at desse ikkje kunne boikotte, intervenere, sabotere eller aksjonere på anna vis. Dessutan stilte marinen eige personale for å betene ferjene mellom Sjønstå og Finneid (Fure, 1983, s. 549). Den lokale motstanden var massiv. Både ferjemannskapet – unnateke kaptein og maskinsjef – og tog- og stasjonspersonalet, la alle ned arbeidet. Dessutan nekta lokalbefolkninga å frakte personell og utstyr til forlegninga til dei tilreisande troppane. I rapporten frå den statlege aksjonen gjekk det fram at det var heilt avgjerande at det heile vart organisert slik det vart med medbringa fagfolk, for utan desse ville ekspedisjonen møte «uhyre store, for ikke at si uovervinnelige vanskeligheter», nettopp på grunn av den mistilliten som fanst lokalt mot aksjonen. Men omfanget av styrkar som staten stilte med under aksjonen, var så overveldande at det var heilt uaktuelt med motaksjonar frå arbeidaranes side. Trass i all radikalisme og snakk om klassekamp og revolusjon mellom dei som tilhørde arbeidarklassen, var dei makteslause overfor statens makt og autoritet når det kom til stykket (Fure, 1983, s. 550). Mange oppfatta aksjonen som ein overreaksjon, slik vi såg det uttalt frå Olav Scheffo. Den vegen staten valte å handtere hendinga på, vitnar heller ikkje om tillit og var heller ikkje med på å bygge tillit, men heller til å styrke vanlege folks aggresjon, bitterheit og eigensinne. Responsten frå arbeidarane var stort sett prega av resignasjon og stadfesting av det dei alltid hadde meint om den norske staten. Han var ikkje ein ven av folket.

Det var fleire teikn i tida til at styremaktene slo hardt ned på det som skjedde denne våren. Ein studie av Bodø politikammers protokoll for 1918 syner tydeleg politiets merksemd overfor dei radikale arbeidarane i byen. I sak nummer 128 i 1918 med tittelen «Edvard Jørstad» var det tydeleg at etterforsking og påtale av annleis tenkande gjekk raskt og effektivt for seg. Det gjaldt å halde den politisk aktive redaktøren

Jørstad i øyra. Avisa Nordlands Social-Democrat nummer 45 av 1918 gjekk straks til Statsadvokatens kontor for nærmare gransking. Var det ei sak i bladet 22. april som streid med straffelova(1902) § 130? Dagen etter kom påtalemakta ved Statsadvokaten tilbake med si innstilling om at han ville ha «rettslig avhørelse» av Jørstad. Dagen etter gjekk det brev frå politiet til forhørsretten om at den måtte tiltre, og før fem månader var gått, hadde Jørstad fått dommen sin om 24 dagars fengsel for brot på straffelova(1902). Her var praksis slik at straffelova(1902) trumfa Grunnlovas paragraf 100 om at det skulle vere ytringsfridom. Det skulle sjølvsagt vere ytringsfridom, men ikkje for ein kvar pris. Dommen var avsagt 12. oktober. Stortingsvalet sin første valomgang var 21. oktober. Den andre var 11. november. 16. november fekk domfelte beskjed om å innfinne seg i Bodø kretsfengsel den 25. november for soning «til vand og brød». Den 10. desember hadde Jørstad fått si «avsoningspaategning» som kvittering for at dommen var fullbyrda (Statsarkivet i Trondheim, Politiprotokoll, Bodø politikammer, 1918, Sak 129/18). Behandlinga av Jørstad kan minne om det viset mange totalitære regime har hatt ein tendens til å behandle politiske opposisjonelle eller maktas motkandidatar på når det skrid mot valår, det vere seg i Putins Russland, den statskommunistiske Kina eller militærdiktaturet Myanmar.

I likskap med denne typen regime dreiv også det lokale politiet i Bodø med politisk sensur og førehandssensur. Det veit vi at dei hadde gjort i mange år alt. Den politiske kontrollen overfor arbeidarrørsla kunne som i 1913 gå ut på at politiet sjekka 1. mai-parolane framfor demonstrasjonstoget før det starta. Så møtte dei deretter opp med heile politikorpset for å ta frå 1. mai-demonstrantane det politiet hadde definert som «forbudte» plakatar på førehand, då toget kom marsjerande i gata eller på Torget. Det var uhøyrte at arbeidarane ikkje gjorde som dei var instruert om, meinte politiet (Aas, 2014, s. 194 – 198).



I samband med rettsaka mot arbeidarane frå Sulitjelma og Johan Medby tok dei alle eit samla foto i 1919. Medby sit midt på bildet framme og er flanka av (i første rekke frå venstre) Eivind Larsen, Johans Toresen, Justin Røstaas, så Johan Medby, Bernhard Nymo, Adolf Petersen og Reidar Karlsen. Bak frå venstre: Johan Melby, Hilmar Hjemaas, Johan Kristoffersen, Hilmar Volnan, Paul Petersen Bonsvik, Olav Vognild, Ole Edvardsen, Martin Meisjord og Isak Laksabok. (Foto: Arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek)

I Sulitjelma derimot vart politiet avværna og sendt heim med uforretta sak. Her var stoda ei heilt anna. Her hadde ikkje politiet det same politiske handlerommet. Derfor måtte dei få hjelp frå forsvaret for å rette opp att ro og orden. Dei fekk også støtte frå den borgarlege pressa for å gjere det, og Bodø Tidende (V) var nøgd med at så skjedde. Då militæret kom for å sjå til at arrestasjonen av Medby gjekk rett føre seg, «da var der ikke en eneste arbeider som turde mukke, tross store ord», kommenterte bladet til saka (Bodø Tidende, 31. juli 1919).

Stemmerettsreformene viser veg i forsonande retning

Trass i desse tendensane til å dels komme arbeidarane i møte, men helst møte dei med harde middel, var det andre teikn i tida på at folket og folkeviljen fekk større plass og meir medverknad. Til dømes var det stemmerettsordningar som var i endring og opna for større deltaking i val, og

då var det særleg dei lågare sosiale laga som kom til. I 1919 vart nemleg stemmerettsreforma knytt til suspensjon av stemmerett på grunn av fattigstøtte fjerna for godt i Noreg. Det var ved innføring av allmenn stemmerett for menn i Noreg i 1898 denne paragrafen hadde komme inn i Grunnlova som ein nisse på lasset. Historikaren Bjørn Arne Steine har synt at det særleg var Arbeidarpartiet som arbeidde for å få paragrafen fjerna fram mot 1919 (Steine, 2019, s. 70). Denne sida ved samfunnsutviklinga i Noreg kan stå som eit døme på den andre tendensen Odd-Bjørn Fure presenterte, nemleg den som opna for å legge til rette for ein forsonande og ettergivande politikk overfor dei lågare sosiale laga. Då måtte ein samstundes møte det med å stå saman i parlamentariske val på borgarleg side. Berre slik kunne ein motarbeide det trugsmålet sosialismen utgjorde mot det beståande samfunnet.

Vi ser korleis dette arta seg i Stortingsvalet i 1918 for valkrinsen Bodø/Narvik, som då utgjorde ein felles valkrins. Her var Arbeidarpartiet størst i Narvik og nest størst i Bodø i første valomgang. Ved andre valomgang slutta dei borgarlege seg frå dei andre partia til den kandidaten frå borgarleg side som hadde flest stemmer ved første valomgang, og slik hindra ein at Arbeidarpartiet vann. Med fleirtalsval i einmannskrinsar vart resultatet at Arbeidarpartiet ikkje vart representert frå krinsen, trass i at partiet hadde 35,5 prosent oppslutning i andre valomgang (Forselv, 1977, s. 134). Det var fleire grunnar til at dei hegemoniske, borgarlege elitane var bekymra for den radikaliserde allmugen, som i Sulitjelma. Framgangen for Arbeidarpartiet var også massiv fram mot 1918. Sosialismen truga samfunnet, meinte mange av dei borgarlege avisene framfor stortingsvalet i 1918, då Edvard Jørstad utfordra apotekar Owe frå borgarleg side i valkrinsen Bodø-Narvik. Her skulle det veljast ein stortingsrepresentant, og fordi Arbeidarpartiet stod så sterkt som dei gjorde i Narvik, kunne ein risikere å få ein representant for krinsen frå den sosialistiske sida. Men folk skulle vite kva det stod mellom, nemleg den borgarlege apotekaren Owe og den sosialistiske revolusjonære Jørstad med sitt program for «skolens avkristning» (Nordlandsposten 19. oktober 1918).

Stortingsvalet i 1918 i Bodø/Narvik valkrins:

Kandidat	Antall stemmer					
	1. valgomgang			2. valgomgang		
	Bodø	Narvik	sum	Bodø	Narvik	Sum
Edvard Jørstad (DnA)	369	597	966	443	661	1104
Ove C. Owe (H og Fr. Venstre)	826	523	1349	1105	809	1914
Louise Engen (Totalistene)	269	57	326	-	-	-
Harald Sund (Venstre)	77	117	194	-	-	-
Andre		2	2	2	2	3
Sum	1541	1296	2837	1549	1472	3021

Kjelde: E. Forselv, *Arbeidere og arbeiderbevegelse i Narvik før 1920*, Trondheim 1977, 134.

Då valet segla opp hausten 1918, vart det stadig sådd tvil om truverdet og seriøsiteten til arbeidarprensa og sosialistane, no trykt i Nordlandsposten (H). Ein skribent som titulerte seg «demokrat», gøyv laus på Bodøs sosialistar framfor valet: Han meinte det vekte undring blant mange at sosialistane gjekk så langt som å velje ein «bolsjevik av det reneste vand» til å kle førsteplassen på lista. Han og partiet baserte sin politikk på «klassehad», noko Jørstad til og med hadde måtta bøte med 24 dagars fengselsstraff for, påpeikte «demokraten». Poenget med koplinga mot den russiske revolusjonen vart gripe begjærleg. Visste ikkje sosialistane i Bodø at bolsjevikane i Russland no «foragtes og avskyes» i «den ganske verden» på grunn av sine «mordgjerninger». Innlegget var retta inn mot fråhaldsfolk og venstrefolk framfor andre valomgangen i stortingsvalet. No måtte desse ta til fornuft og stoppe ein forbrytar og revolusjonær som Jørstad frå å vinne over den konservative kandidaten (Nordlandsposten 9. november 1918).

Då valet var over og apotekar Ove Chr. Owe frå Høgre / Frisinnede Venstre hadde komme inn på Stortinget, var forklaringa klår frå NP si side. Det var dei sosialistiske kandidatane «sine bolsjevikiske tendenser» og deira «revolutionssnak» som førte til «det dundrende nederlag». Partiet sin «skjæbnsvangre feil» var at det let seg leia av nokre «bolsjevikiske skrighalser og strebere» (Nordlandsposten, 28. november 1918).

Ser ein på stemmetala, kan det også tenkjast at den tøffe handteringa av konflikten i Sulitjelma, med ei lokal utfrysing av dei kreftene som støtta sosialistane, kan ha verka til å isolere og fryse ut Edvard Jørstad. Det var sjølv sagt andre saker som var viktige politisk ved dette valet, og særleg skapte fråhaldssaka vanskar for dei radikale arbeidarane. Kunne venstrefolk og totalistar stole på arbeidarrørsla? Det er kjent at dei ikkje gjorde det, og det skapte oppslutning om borgarleg side i andre valomgang frå nettopp fråhaldsfolk og venstrefolk (Aas, 2014, s. 218). Hadde Jørstad fått støtte frå Totalistane og Venstre i Bodø i andre valomgang, var det trass alt 346 stemmer å hente, men slik gjekk det ikkje. Vi kan anslå at minst 80 % av dei heller slutta opp om den konservative kandidaten. Arbeidarrørsla vart for isolert og radikal for desse gruppene. Dette var heller ikkje ei valordning som hjelpte til med å bygge tillit mellom klassane i det politisk og sosialt delte og spente samfunnet Noreg var i ferd med å bli i denne perioden. Denne verka berre til å halde dei breie massane borte frå makta. Valordninga med fleirtalsval i einmannskretsar vart sett på som ei slik valteknisk innretning som tok sikte på å halde oppe eit topartisystem der dei to første partia i landet, Venstre og Høgre, fekk fordele makta seg imellom i parlamentet. Slik hadde ein jo praktisert parlamentarismen i Noreg frå starten av, og slik såg ein for seg at det kunne vere i uoverskodesleg framtid. Med fleire parti vart dette systemet urettvist. Det vart dårleg samsvar mellom talet på røyster og prosentvis oppslutning i Stortinget (2020).

I 1921 vart det slutt på denne ordninga, og ein fekk ei meir rettvis valordning der landet vart delt i 18 landkrinsar delt etter fylkesgrensene og 11 bykrinsar, og valet skjedde med partilister og høvetalsval. Det gamle systemet hadde slått særst uheldig ut for Arbeidarpartiet, og med dette nye systemet var det større rom for fleire parti (Furre, 1971, s. 163). Dette var eit forsonande trekk som skapte tillit til demokratiet og bidro til å bygge ned motsetnader mellom ulike politiske og sosiale miljø, særleg dei som sokna til Arbeidarpartiet.

At stemmeretten vart utvida til stadig nye grupper, hjelpte også til med å bygge tillit mellom ulike politiske og sosiale miljø. Då fattigdomsparagrafen forsvann, var dette eit steg i den same forsonande retninga, sjølv om det enno fanst fleire i dei borgarlege miljøa som framleis meinte at stemmeretten var ein eksklusiv rett som berre «hederlige, selvhjulpne og kvalifiserte aktive borgere» skulle ha (Steine, 2019, s. 68).

Radikalisering av arbeidarrørsla

Stemninga i Bodø var ikkje venleg overfor sosialistane. Det sosialdemokratiske ungdomslaget sendte to reisesekretærer ut på turne til Bodø i tida kring Sulitjelma-affæren. Der møtte dei fleire motmenn enn tilhengjarar. Ein av dei to skreiv seinare at Bodø på den tida var «en politisk dau by og det hadde neppe lykkedes selve profeten Elias at blaase liv i de døde ben» (Hansen, 1923, s. 143–144). Han la til at delegasjonen ble «neddraket med sprogets værste skjældsord» som «ømreisende vagabonder» og «politiske vikagutter» av den lokale borgarpressa. At motsetningane mellom borgarpressa og arbeidarrørsla var himmelropande, vitnar også sosialistane sine karakteristikkar av dei lokale bladfykane om. Sosialistane i ungdomslaget karakteriserte den «borgerlige presseslusk» som «smudskribenter» utstyrt med «hønsehjerne» (Hansen, 1923, s. 144). Mistilliten mellom dei politiske antagonistane var til å ta og føle på.



Arbeidarrørsla fekk tidleg problem med å få aksept for sine politiske symbol og saker. Politiet nekta lenge arbeidarungdomslaget i Bodø å bruke fana «Krigen - Kirken - Kristendommen» der ein gråtande Jesus såg på mens presten velsigna kanonen. (Foto: Olav Hagen)

Ein grunn til den borgarlege sidas redsel var sjølvsgatt den revolusjonære vendinga som arbeidarrørsla fekk i etterkant av den russiske revolusjonen i 1917. Inspirert av denne vart mange europeiske arbeidarar

oppglødde og såg for seg bolsjevikrevolusjonen som i Russland, også i egne land. I Narvik såg ein direkte inspirasjon frå dei sovjetiske råda. I Noreg valte dessutan Arbeidarpartiet å slutte seg til den kommunistiske internasjonale, som det einaste av dei store sosialistiske partia i Norden (Bull d.e., 1976, s. 3–5).

Fordi mange folk mellom allmugen handla kollektivt og samstundes oppfatta seg som ei eiga gruppe med egne politiske interesser, vart foreiningar og lag etablert for å ta seg av individuelle interesser overfor samfunnet rundt. Slik vi såg Rutherford skildre det innleiingsvis, kan vi sjå korleis arbeidarpressa forsøkte å gi arbeidarrørsla ein stemme og ein identitet. Her kunne ein artikulere andre interesser og perspektiv enn dei tradisjonelt borgarlege og hegemoniske. Her kunne ein ta opp viktige sosiale spørsmål som dei lågare sosiale lag ivra for. Avisene vart prega av denne identiteten. Vi fekk mellom anna vekst i partipolitisk presse. Dei vendte seg til ulike grupper i ei ny offentlegheit. Slik utvikla den politiske meiningsdanninga seg og vart meir mangfaldig, og slik artikulerte nye sosiale og politiske grupper seg i den allmenne offentlegheita med sine synspunkt og perspektiv på røyndomen slik dei såg han. Derfor vart det etablert egne arbeidaraviser som Nordlands Social-democrat, seinare Saltens Fremtid / Nordlands Fremtid i 1910, med læraren Edvard Jørstad frå Sjernarøy i Rogaland som redaktør (Nordlands Framtid, 9. september 1970). Bladet kom til i Sulitjelma, men vart av organisatoriske og økonomiske grunnar flytta til Bodø i 1913 (Lundestad, 2012, s. 49–50).

Avisa fann plass i Folkets Hus, som av namnet var meint som å vere ein motstemme mot dei elitane som elles dominerte samfunnet. Her skulle folket ha sin møteplass og diskutere sine strategiar for politisk deltaking og meiningsdanning, og her fann dei politiske organa som artikulerte folks meiningar og haldningar overfor dei borgarlege elitane, sin tilhaldsstad. Huset vart eit symbol på dei nye sosiale gruppene sin plass i samfunnet, og dei vart spreidd jamt ut over heile landet som kommando- og skoleringsentralar for organisasjonane til arbeidarrørsla (Aas, 2020, s. 11). Dei vart i tillegg kulturhus for ein eigen «arbeidarkultur» som skulle stå i motstrid til den dominerande borgarlege kulturen med sine særtrekk, sin retorikk og sine symbol. Her var det kulturelle og sosiale aktivitetar for kvinner, barn og ungdom, i tillegg til partia og fagforeiningane, gjennom festar, kulturtilskipingar og politiske

møte. Seinare, frå 1934, skulle også huset i Bodø romme aktivitetane til dei nye idrettslaga, som valte å stå utafor den eksisterande idrettsrørsla, som var sterkt kopla til dei borgarlege kreftene og organisert under det departementet som hadde vore fienden til arbeidarane i Sulitjelma-saka – Forsvarsdepartementet. Tradisjonelt var idrettssak og forsvarssak eitt – og til forsvar for folk og fedreland. Det såg etter kvart arbeidarrørsla som utilstrekkeleg, og ikkje minst ueigna som idrettsrørsla for dei nye sosiale gruppene. Slik kom arbeidaridentiteten til uttrykk på fleire plan i samfunnet. Også handel skulle inn i falden til arbeidarrørsla gjennom egne kooperative handelsslag. Dei starta først i Salten i dei områda fagrørsla stod sterkast, som i Sulitjelma (1907), og breidde seg utover i fogderiet i takt med arbeidarrørslas styrkeoppbygging, og kom ni år seinare til borgarleg dominerte Bodø i 1916 (Aas, 2014, s. 309).

Men, som vi ser, var det mange motkrefter i den dominerande borgarlege kulturen som forsøkte å stikke kjeppar i hjula for arbeidarrørsla si organisering. Redaktøren og journalisten i arbeidaravisa vart, som vi har sett, overvaka tett av påtalemakta, og dei minste ytringane mot statsinstitusjonar og tenestemenn vart slått ned på. 1. mai-markeringane vart dessutan overvaka politisk av politiet. Folkets Hus var også eit svar på vanskane arbeidarrørsla hadde med å få låne eksisterande møtestader for sine aktivitetar. Og då arbeidaridretten skulle starte opp i Bodø, var det store vanskar med å få låne anlegg til å drive idrett. Dei første åra var det uråd å låne byens stadion fordi den hadde den borgarlege idretten alt fått lovnad på å bruke åleine (Aas, 2014, s. 288–291).

Revolusjon eller reform?

I denne tidlege fasen for arbeidarrørslas framvekst sytte også rørsla sjølv for å legge ut snubletrådar som hindra framgang. Radikaliseringa av rørsla, med sterke militante element, som dei ein såg døme på i Sulitjelma, var ei side ved rørsla som tydeleg skremte bort potensielt meir moderate element. I ein kort periode førte det til at Det norske Arbeidarpartiet (DNA) vart delt i tre ulike parti, eit revolusjonært og to meir sosialdemokratiske. Oppslutninga om partiet i vala ut over på 1920-talet syner tydeleg at det slo uheldig ut for partiet. Frå ein vekst frå to bystyrerepresentantar frå partiet i Bodø bystyre i 1910 og 1913, til fem i 1916 og seks


i 1919, gjekk talet på arbeidarpartirepresentantar ned til eit nytt lågmål på 1920-talet, med fire representantar i 1925 (Aas, 2014, s. 192–203).

Radikalisering og splitting av den norske arbeidarrørsla i perioden 1917–1925/26 tok mykje energi bort frå anna arbeid, og rørsla hadde vanskar med å nå fram med politikken sin. Det viste særleg vala i 1921 og 1924, då mesteparten av tid og energi gjekk til intern kran- gel og kjekling. Fram til 1919 hadde Arbeidarpartiet ein massiv fram- gang i Bodø, då Bodø Arbeidarparti hadde 651 medlemmer. Deretter følgde eit katastrofalt fall i medlems- og stemmetal. Partidiskusjonar og splitting var viktige årsaker til det (Hagen, 1987, s. 33–34). Den nega- tive tendensen heldt fram i 1921. Då diskuterte lokalpartiet landsstyret si avgjerd om å endre partinamn til Kommunistpartiet og slutte seg til Den Kommunistiske Internasjonale (Komintern) i Moskva. Den sovjet- inspirerte ideologiske og organisatoriske endringa førte partiet inn på leninismens veg, såkalla demokratisk sentralisme og proletariatets dikta- tur. Det stod i sterk kontrast til modellen med eit sjølvstendig medlems- parti, vendt mot massane og fagrørsla gjennom kollektivt medlemskap (Hagen, 1987, s. 30–36).

I Bodø slutta Harald Langhelle, Nordlands Fremtids redaktør og stortingsrepresentant for DNA, seg til fleirtalet i eige parti. I Bodø gjorde i alt 35 av de 44 frammøtte på det viktige møtet der saka vart drøfta i 1921, det same. Meir moderate krefter, representert ved bysty- rerepresentant Saugestad, fekk åtte stemmer. Taparane forlet møtet, og Bodø Arbeiderungdomslag, stifta i 1920, skifta namn til Bodø Kommunistiske Ungdomslag, mens Bodø Arbeidarparti heldt på sitt namn (Hagen, 1987, s. 36–37).

Resultatet av endringane var ein reduksjon i oppslutning frå 27,4 prosent i 1915 til 15,1 prosent ved stortingsvalet i 1924. Rørsla mista sympati, og medlemstalet i Bodø Arbeidarparti fall til 91 medlemmar i 1922. No flokka folk seg heller om Høgre. Stridene i Arbeidarpartiet var ikkje over, og inn frå venstre kom sørfoldingen Alfred Skar, og med sine kommunistiske støttespelarar i den radikale fløya tok han over sentrale plassar i organisasjonen, med kontroll over parti- og organi- sasjonsapparat, og arbeidaravisa Nordlands Fremtid. For ei kort stund vart rørsla kontrollert av dei mest radikale elementa. Først ved advents- tider i 1923 vart Arbeidarpartiet si tilslutning til den kommunistiske internasjonale tatt opp til ny behandling, då fylkespartiet stemte mot

forslag frå Skar om tilslutning til Norges Kommunistiske Parti. Harald Langhelle fekk fleirtal for at fylkespartiet framleis skulle stå i Det norske Arbeidarpartiet, og så tok den sosialdemokratiske fløya kontroll over partivisa Nordlands Fremtid. Resultatet vart at Bodø og Bodin kommunistiske parti samla opp mindretalet, mens det kommunistiske ungdomslaget «Sovjetstjernen» kom til i den lokale partifloraen. Alfred Skar tok opp aviskampen gjennom bladet Friheten, kommunistpartiets partiorgan i Nordland. Bladet starta opp i Bodø i 1923, men drog over Vestfjorden til Svolvær i november 1925, fordi Skar hadde stor tru på at fiskarbefolkninga i Lofoten ville vere trugne radikalalarar (Hagen, 1987, s. 36–37).



Kjelde: SSB, Valstatistikk, <http://www.ssb.no/a/histstat/hist00.html> (lest 12.4.2020).

Ved stortingsvalet i 1924 hadde venstresida tre parti å velje mellom i Bodø; Sosialdemokratane, Arbeidarpartiet og Norges Kommunistiske parti, men det var til lite hjelp totalt sett. Til og med samla var resultatet dårleg. Det største partiet – Arbeidarpartiet – var sterkt redusert frå valet i 1921, mens kommunistane og sosialdemokratane berre fekk vel eit halvt hundre stemmer kvar. Ikkje før ved valet i 1927 var Arbeidarpartiet tilbake på tidlegare nivå, då partiet fekk 35,7 prosent oppslutning og berre var 48 stemmer frå å være like store som Høgre/Frisinnede Venstre (Aas, 2014, s. 203).

Svein Lundestad har vist at «forbudstid, radikalisering, splittelse og snever klasseanalyse» forsinka gjennombrøtet for Arbeidarpartiet i 1920-åra i Nordland. Sett i eit forsoningsperspektiv kan ein seie at eit meir forsonleg arbeidarparti, mindre revolusjonært og meir reformistisk, bana veg for eit meir tillitsbasert politisk system. Men det vart dessutan meir akseptabelt for massane. Slik vart rørsla meir stoverein og mindre stridbar. Arbeidarrørsla vart i tillegg betre organisert på 1920- og 1930-tallet, og på 1930-tallet stilte partiet dessutan nye spørsmål og reiste nye saker som tok sikte på å bøte på den økonomiske krisa. Når dei borgarlege partia ikkje kom med botemiddel mot krisene på 1920- og 1930-talet, låg forholda derfor opne for eit sosialistisk gjennombrøt også i Bodø-området, og ved stortingsvalet i 1936 var Arbeidarpartiet størst både i byen Bodø og i dei tradisjonelt lyseblå omlandskommunane Bodin og Skjerstad (Lundestad, 1988, s. 113–114). Arbeidarrørsla erfarte etter kvart at den revolusjonære lina ikkje bar frukter, og det gav rom for oppslutning å endre profil i mindre radikal lei.

Hallvard Tjelmeland har seinare forklart at den retninga som sigra i å utforme profilen til den nye politiske rørsla for vanlege folk, tona ned «klassekamppreget» til fordel for «ein meir allmenn appell». Det skulle prege partiet, som med den nye profilen valte å søkje eit klassekompromiss for å komme til regjeringsmakt, noko som skjedde frå 1935, då regjeringa Nygaardsvold vart valt under parolen «by og land, hand i hand» (Tjelmeland, 1986, s. 131–132).

Mot eit tillitsbasert samfunn

Talet på fagorganiserte i Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon (AFL) i Bodø mellom 1920 og 1939 syner også korleis samfunnet i større grad aksepterte arbeidarrørsla som ein relevant samfunnsaktør. Bodø-samfunnet gjekk frå å vere direkte fiendtleg innstilt til faglege rettar og arbeidskonfliktar, til å finne seg i at tvistar kunne løysast innafor rammene av forhandlingar mellom partane i arbeidslivet. Det var i løpet av kort tid i ferd med å komme til ein sterkt organisert arbeidarklasse i Bodø. Ved inngangen til andre verdskrigen hadde byen eit mangfald av foreiningar som dekte mange bransjar og sektorar av samfunnet. Til skilnad frå dei einsidige industristadene hadde også handverksstanden,

næringsmiddelindustrien, handelstanden, servicenæringane, offentleg administrasjon og samferdselssektoren fått eigne fagforeiningar i Bodø. Kommuneforbundet viste veg og organiserte over 200 arbeidstakarar i 1939. Nest etter dei var det Bygningsarbeidarforbundet (194), Handel og Kontor (142) og Transportarbeidarforbundet (140) som var dei store fagforeiningane i byen. Grunnlaget for den veksten som skulle komme etter krigen, var med andre ord lagt alt i 1939 (AFL, Årsberetning 1939). Mange som ikkje tilhørde venstresida politisk, såg også nytta av eit meir «rettighetsorientert» arbeidsliv, der organisering av arbeidstid, arbeidsforhold og -rutinar vart meir avtaleorganisert og ordna mellom partane i arbeidslivet. Det hadde både arbeidsgivarane og arbeidstakarane interesse av, noko fleire og fleire i Nordland etter kvart forstod (Rinde, 2015, s. 99)

Folk hadde sett korleis fagforeiningane kunne skape eit tryggare og meir føreseieleg arbeidsliv, og når så mange innafor offentleg sektor og handelsnæringa, som normalt kanskje ikkje var dei ein tenkte på som kjernen i fagrørsla, var medlemmar, seier det noko om aksepten til det tillitsbaserte arbeidslivet. Dette er jo den sentrale delen av Finn Olstads «store forsoning». Det var med «Hovudavtalen» i arbeidslivet i 1935 mellom Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon og Norsk Arbeidsgiverforening at tilliten mellom partane i arbeidslivet vart knesett. Med den fekk ein stadfesta det tillitsbaserte forholdet som skulle rå i arbeidslivet mellom arbeidarklassen og arbeidsgivarane. Bak denne prosessen låg det ei endring i innstilling både frå dei som representerte allmugen, og dei som representerte dei hegemoniske sosiale sjikta i landet. Begge sider hadde moderert seg og lagt seg inn på ein meir forsonande kurs. Noreg hadde – som historikaren Berge Furre har skildra det – gått frå «klassekamp til klassesamarbeid» (Furre, 1971, s. 205). Vegen var rydda for ein stille revolusjon der dei breie massane fekk innpass i det norske samfunnet politisk, kulturelt og sosialt.

Referansar

- Bjørnson, Ø. (1990). På klassekampens grunn (1900 – 1920). I Kokkvoll, A. og Sverdrup, J. (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*, bind 2. Oslo: Tiden norsk forlag.
- Bodø Tidende. (1919, 31. juli). Det civile vern under urolighetene.
- Bodø Tidende. (1918, 26. og 31. oktober). Sulitjelmasaken. Socialisternes motstand mot politiet.
- Brandal, N. og Sørensen, Ø. (2018). *Det norske demokratiet og dets fiender 1918–2018*. Oslo: Dreyers forlag.
- Bull d.e., E. (1976). Arbeiderbevegelsens stilling i de tre nordiske land 1914–1920. I *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 1, 1976 (optrykk av artikkel først publisert i *Archiv für die Geschichte des Sozialismus und der Arbeiterbewegung*, bind 10, 1922, s. 329–361, med tittelen «Die Entwicklung der Arbeiterbewegung in den drei skandinavischen Ländern 1914–1920»). Trykt på norsk i *Ny Tid seinare* på året.
- Emberland, T. (2015). *Da fascismen kom til Norge. Den nasjonale legions vekst og fall 1927 – 1928*. Oslo: Dreyers forlag.
- Forselv, E. (1977). *Arbeidere og arbeiderbevegelse i Narvik før 1920*. Trondheim.
- Fure, O. (1983). *Mellom reformisme og bolsjevisme, Norsk arbeiderbevegelse 1918–1920. Teori og praksis*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Furre, B. (1971). *Norsk historie 1905 – 1940*. Oslo: Samlaget
- Gilje, N. og Skirbekk, G. (2000). *Filosofihistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- The Guardian. (2020). *Jonathan Rutherford*, henta frå <https://www.theguardian.com/profile/jonathanrutherford>, (lest 20.4.2020)
- Hagen, R. (1987). Kamerater i Bodø, betenk dere vel. Splittelsen av Arbeiderpartiet i Nordland og Bodø, 1923. I *Bodøboka, Nordlands Fylkesmuseums årbok 1987, Bodø: Lofotboka, Værøy. 1987*.
- Hansen, A.G. (1923). *Røde ungdom i kamp og seier*. Oslo: Norges Kommunistiske ungdomsforbunds forlag.
- Helgelands Fremtid. (1918, 22. oktober). Om Sulitjelma-saken.
- Helgeland Blad. (1918, 24. oktober). Om Sulitjelma-saken.
- Johansen, A. (2019). *Komme til orde. Politisk kommunikasjon 1814–1913*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kleven, Ø. (2016). Nordmenn på tillitstoppen i Europa. I *Samfunnspeilet (SSB)*, 2, 2016.

- Knaplund, P. (2011). *Gammel og ny forankring, Innføring i en immigrants dagbok*. Saltstraumen historielag.
- Lundestad, S. (1988). *Arbeiderbevegelsens politiske gjennombrudd i Nordland og Troms: en sammenlikning mellom to ulike fylker med særlig vekt på vilkår for oppslutning om sosialistiske partier i perioden 1900–1940*. Bodø: Høgskolesenteret i Bodø.
- Lundestad, S. (2012). Ei arbeideravis utfordrer borgerlig dominans (1900–1920). I Karlsen, W. og Lundestad, S. (red.) *Start pressen! Avisene i Bodø gjennom 150 år*. Trondheim: Akademika forlag.
- Nordlandsposten. (1918, 6. juni). Ny straffesak mot Nordlands Socialdemokrat's redaktør.
- Nordlandsposten. (1918, 19. oktober). Sandheden.
- Nordlandsposten. (1918, 19. oktober). Mellem apoteker Owe.
- Nordlandsposten. (1918, 28. november). Socialisme og bolsjevisme.
- Olstad, F. (2019). *Den store forsoningen. Norsk historie 1905–1945*. Oslo: Dreyer forlag.
- Rinde, H. (2015). *Det moderne fylket. Nordlands historie 3 – etter 1900*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Rutherford, J. (1990) A Place Called Home: Identity and the Cultural Politics of Difference. I Rutherford, J. (red.) *Identity. Culture, Community, Difference*. London: Lawrence and Wishart.
- Olav Schefflo. (1918, 17. april). Den almindelige verneplikt. Social-Democraten.
- Statistisk Sentralbyrå. (2020). Valstatistikk, henta frå <http://www.ssb.no/a/histstat/hist00.html> (lest 12.4.2020)
- Steine, B. A. (2019). Den der er ude af stand til at sørge for sig selv. I Hommerstad, M. og Steine, B.A. (red.) *Stemmerettens grenser. Fattigdom og demokratisk utestengelse 1814–1919*. Oslo: Scandinavian Academic Press.
- Stortinget. (2020). Stortinget sitt oppslag «Eidsvoll og Grunnloven 1814», henta frå <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Grunnloven/Eidsvoll-og-grunnloven-1814/>, (lest: 3.4.2020).
- Stortinget. (2020). Val og konstituering, henta frå <https://www.stortinget.no/no/Stortinget-og-demokratiet/Valg-og-konstituering/Stortingsvalg/>, (lest: 15.4.2020).
- Straffelova. (1902). Almindelig borgerlig Straffelov, LOV-1902-05-22-10, henta frå <https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1902-05-22-10>, (lest: 15. 4. 2020).

- Stugu, O. S. (2012). *Norsk historie etter 1905. Vegen mot velstandslandet. Norsk historie frå vikingtid til vår tid, 4*. Oslo: Samlaget.
- Tjelmeland, H. (1986). Politikk og historie. Om ulike syn på dei sosiale drivkreftene bak danninga av regjeringa Nygaardsvold. I *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*, 2, 1986, s. 129–162.
- Williams, R. (1961). *The long revolution*. London: Chatto & Windus.
- Årsberetninger AFL/LO. (2020). Arbeiderbevegelsens Arkiv og bibliotek (ARBARK), digitale dokument, henta frå https://www.arbark.no/Digitale_dokumenter_beretninger_LO.htm, (lest 20.4.2020).
- Aas, S. (2014). *Forvandlinga. Bodøs historie 1890–1950*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Aas, S. (2019). Fattigdom, politikk og demokratisering i det fleiretniske Nord-Noreg. I Hommerstad, M. og Steine, B.A. (red.) *Stemmerettens grenser. Fattigdom og demokratisk utestengelse 1814–1919*. Oslo: Scandinavian Academic Press, s. 123–151.
- Aas, S. (2020). «Andre tider i Norge nu», *100 års historie sett fra Folkets hus Bodø 1920–2020*. Stamsund: Orkana Akademisk.

Steinar Aas er professor i moderne historie ved Nord universitet. Han har arbeidet spesielt med tidlig 1900-tallshistorie og har blant annet publisert arbeider om norsk byhistorie, politisk historie, sosialhistorie og minnehistorie.